



Arkivnr: 2015/10880-1
Saksbehandlar: Astrid Synnøve Hjellbakk

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet		10.11.2015
Fylkesutvalet		18.11.2015

Styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet ved dei vidaregåande skulane 2016-2018

Samandrag

Styringsdokumentet for det pedagogiske utviklingsarbeidet for dei vidaregåande skulane inngår i skuleeigar sitt «System for verksemdbasert vurdering og oppfølging av dei vidaregåande skulane», som er forankra i opplæringslova § 13.10.

Styringsdokumentet vidarefører hovudmålet om auka læringsutbyte og fullføring. Skulane skal definere eigne tiltaksområde for det pedagogiske utviklingsarbeidet og grunnje svaret ut i frå lokal kontekst, styringssignal og relevant kunnskap. Styringsdokumentet inneheld ei plattform for pedagogisk utviklingsarbeid som skal leggjast til grunn for skulane sitt utviklingsarbeid og vere tema i styringsdialogen gjennom det verksemdbaserte vurderingsarbeidet.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek *Styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet ved dei vidaregåande skulane for 2016-2018*.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 20.10.2015

Etter opplæringslova § 13.10 har skuleeigar plikt til å ha eit forsvarleg system for å vurdere om krava i opplæringslova og forskrift til opplæringslova vert følgt opp. I følgje forskrift til opplæringslova § 2.1 skal skulane og lærebedriftene «jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsett i Læreplanverket for Kunnskapsløftet».

System for verksemdbasert vurdering er Hordaland fylkeskommune sitt kvalitetssystem for oppfølging av skulane sitt pedagogiske utviklingsarbeid. Kontaktpunkta/aktivitetane mellom skule og skuleeigarnivå som er nedfelt i «System for verksemdbasert vurdering og oppfølging av dei vidaregåande skulane», er skulane sin utviklingsplan, tilstandsrapport, årlege skulebesøk og oppfølgingssamtale med rektor og regionleiar i etterkant av skulebesøka.

Sidan 2009 har dei vidaregåande skulane hatt årlege skulebesøk som ledd i det verksemdbaserte vurderingssystemet. Til grunn for skulebesøka ligg skulen sin utviklingsplan, tilstandsrapport og anna dokumentasjon som mellom anna karakterstatistikkar, fråfall, fráværstal og resultat av elevundersøkinga.

Auka læringsutbytte og fullføring

Det overordna målet om auka læringsutbytte og fullføring står fast, og all pedagogisk verksemd på skulane skal bygge opp under hovudmålet. I perioden 2013-15 har styringsdokumentet hatt tre tiltaksområde for å nå det overordna målet. Skulane har på grunnlag av skulebasert resultatvurdering sett i verk utviklingstiltak innanfor tiltaksområda vurdering, klasseleiing og pedagogisk bruk av IKT.

I det nye styringsdokumentet for 2016-18 er det ei styrking av skulane sin handlefridom når det gjeld val av tiltaksområde. Dette er gjort på grunnlag av ei heilskapleg vurdering. Å gi rom for at skulane i større grad får følgje opp skulevise utviklingstiltak, vert m.a. støtta av «Forvaltningsrevisjonen om forholdet mellom skuleeigar og skulane» (2014).

I styringsdokumentet for 2016-18 skal skulane vurdere eigen organisasjon og resultat i lys av sentrale og lokale styringsdokument. På grunnlag av vurderinga skal skulen utarbeide kunnskapsbaserte mål og tiltak. Det er skulane som skal definere tiltaksområde for det pedagogiske utviklingsarbeidet og grunngi valet ut frå lokal kontekst, styringssignal og relevant kunnskap.

Kva kompetansar treng skuleleiarar, personale og elevar for å skape trivselsfremjande læringsmiljø der elevane opplever høgt læringsutbytte og oppnår målet om bestått vidaregåande opplæring? Korleis får vi prosessar på skulane som sikrar høg kvalitet på iverksettinga av utviklingstiltak? Desse spørsmåla blir sentrale i komande periode. Fylkesdirektør opplæring har for styringsperioden 2016-18 utarbeidd ein plattform for pedagogisk utviklingsarbeid som skal leggjast til grunn for skulane sitt skuleutviklingsarbeid og vere tema i styringsdialogen gjennom det verksemdbaserte vurderingssystemet.